



Miljøvern- og Klimaavdelinga

Dato: 02.06.2014

Vår ref.: 2014/17181-1

Saksbehandlar: larbirk

Dykkar ref.:

Kulturminneinnspeil til vurdering etter Samla Plan for utbygging av Fjellhaugen kraftverk i Kvinnherad og Etne kommune

Kulturminne og kulturmiljø

Det er ikkje kjent funn av automatisk freda kulturminne i området som skal vurderast etter Samla Plan for utbygging av Fjellhaugen kraftverk i Kvinnherad/Etne kommune. Det vert vurdert at potensial for funn av slike innanfor tiltaksområdet er forholdsvis lite. Einaste unntaket kan vera området rundt Nesjastøl som ligg om lag 300 meter aust-søraust for den planlagde kraftstasjonen i sørrenden av Staffivatnet.

Røygate/vassoverføring vil i all hovudsak gå i tunnel og området er forholdsvis forstyrra av utbygging med damanlegg og anleggsvegar m.m. frå før. Utbygginga vil heller ikkje råka kjende kulturminne frå nyare tid direkte.

Utbygginga vil truleg ha liten negativ konsekvens for kulturminne og kulturmiljø. Konsekvensane er knytt til eventuell visuell påverknad på nærliggjande kulturmiljø som til dømes på Nesjastøl og Bjørnabøle. Sistnemnde er alt påverka visuelt av tidlegare utbygging.

Konklusjon:

Kor vidt det vert stilt krav om undersøkingar i høve til undersøkingsplikta etter § 9 i Kulturminneloven i denne saka kjem an på plassering av kraftstasjon og nærføring til ovanfor nemnde kulturmiljø på Nesjastøl. Det er ikkje sikkert at tiltak vert synleg frå stølsområdet i det heile då vedlagde kartskisser er forholdsvis grovmaska.

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Lars Øyvind Birkenes
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

